



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato  
14.05.2014  
Dykkar dato  
«REFDATA»

Vår referanse  
2014/2743 612  
Dykkar referanse  
«REF»

Kommunane i Hordaland  
Barnehagemyndigheten

### «Kompetanse for framtidens barnehage» - ny informasjon

Vi viser til brev som er sendt til kommunane i vår, der vi orienterer og tilbyr ulike tiltak for barnehagetilsette som oppfølging av Strategi for «Kompetanse for framtidens barnehage»:

- 26.02. Melding om kompetansemidlar 2014
- 23.04. Informasjon om studietilbod til barnehagetilsette 2014/15
- 14.05. Informasjon om tilbod - Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar 2014/15

*I dette siste brevet orienterer vi om følgjande:*

#### 1. Fylkesmannen aukar det generelle kompetansetilskotet til kommunane

I brev av 26.2.2014 har Fylkesmannen varsla om kva midlar kommunane får til kompetansetiltak i 2014. På bakgrunn av stor interesse for tiltaka vil Fylkesmannen auke dei ordinære kompetansemidlane med inntil 10 prosent. Midlane vert utbetalt saman med kompetansemidlane i august 2014. Midlane skal nyttast til å støtte (t.d. frikjøp / reise) tilsette frå kommunale og private barnehagar som deltek på tiltak som er relatert til strategi for «Kompetanse for framtidens barnehage».

Midlane vert tildelt i 2014, og kan brukast barnehageåret 2014/15.

#### 2. Utlysing av midlar til barnehagefagleg grunnkompetanse til nyttilsette - kr. 100 000

Fylkesmannen lyser ut midlar til opplæring for nyttilsette som ikkje har bakgrunn frå barnehage. Det er barnehageeigar sitt ansvar å sørge for at alle tilsette utan erfaring har barnehagefagleg grunnkompetanse om barnehagen sitt samfunnsmandat, ansvar og innhald i barnehagen. Dette kan til dømes skje gjennom kurs eller lokale barnehagebaserte kompetanseutviklingstiltak.

Midlane vert fordelt i fylket i høve til talet nyttilsette som det vert søkt for.

Vi oppmodar kommunale og ikkje kommunale eigarar å søkje. Ein kan søkje for så mange som ein veit vil vere i målgruppa pr. 1. august. Skriv ein kort søknad med opplysningar om tiltaket og talet på nytilsette som søknaden gjeld for. Send søknaden til  
[fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

**Søknadsfrist : 1. juli 2014.**

### **3. Pedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen - forebygging og tidleg innsats**

Studiet er eit vidareutdanningstilbod ved Høgskolen i Bergen for pedagogiske leiarar som ønskjer å auke kunnskapen om barn i risikogrupper.

Utviklingsarbeidet skal fagleg knyte seg til området «Forebyggende og tidlig innsats - tverrfaglig samarbeid i barnehagen til barns beste» som er innanfor viktigasesområda i «Kompetanse i framtidens barnehage».

#### **Utdanninga**

Utdanninga består av 6 samlingar lagt til Høgskolen i Bergen, rettleiing, individuelt arbeid og studentstyrte basisgrupper. Studiet er eit delvis nettbasert studium som går over to semester. Det nettbaserte studiestøttesystemet itslearning vert brukt for å utveksle informasjon og til aktivitetar mellom samlingane.

Informasjon om studiet er tilgjengeleg på nettsida til Høgskolen i Bergen. Ein søker til direkte til høgskulen.

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*